



## Trafikktryggleiksplan for Hyllestad skule

## Innhald

<b>Innleiing</b> .....	3
<b>1.Skuleveg</b> .....	4
1.1. Skuleskyss .....	4
1.1.1 Skulebuss, taxi .....	4
1.1.2 Foreldrekyring .....	4
1.1.3 Trafikktryggleiksutstyr .....	4
1.2. Elevar som går/syklar til skulen eller til busskuret .....	5
<b>2. Turar i skulen sin regi</b> .....	5
2.1. Buss, taxi.....	5
2.2. Bil.....	5
2.3. Sykkel.....	6
2.4.Til fots.....	6
<b>3. Risikofaktorar rundt Hyllestad skule</b> .....	6
3.1. Varetransport .....	6
3.2. Skuleskyss ved skuleslutt.....	7
<b>4. Plan for trafikkopplæring</b> .....	7
4.1. Barneskulen sitt årshjul .....	8
4.2. Ungdomsskulen sitt årshjul .....	8
4.3. Ressursar .....	8
<b>5. Rutinar for ulykkeshandtering</b> .....	8
<b>6. Trafikktryggleik og foreldremøte</b> .....	9
<b>7.Trafikktryggleik og dei tilsette ved skulen</b> .....	9
<b>Vedlegg</b> .....	10
Føresette og godkjenning av køyring i privat bil gjennom Visma Flyt skole .....	10
<b>Illustrasjonar henta frå:</b> .....	11

## Innleiing

Dette er ein sjølvstendig del av Hyllestad kommune sin trafikktryggleiksplan og skulen sin detaljplan for området. Den overordna planen tar mellom anna opp tiltak knytt til trafikkfarlege punkt som gjeld Hyllestad skule og farar ved desse. T.d. varelevering, manglande gang – og sykkeleveggar og trafikk på skulen sitt område generelt.

Hyllestad skule ynskjer at mange skal sykle/gå til skulen, men vegane og trafikkbiletet i Hyllestad er så farleg og lite oversiktleg at skulen ikkje ynskjer oppfordre føresette til å la borna sykle/gå.

Menneskeleg ansvarlegheit og evna til å ta gode og etiske val er ein viktig del av opplæringa i skulen. Hyllestad skule arbeidar med trafikksikkerheit gjennom opplæring som skaper gode haldningar.

Kristin Eimind, rektor

## 1. Skuleveg

### 1.1. Skuleskyss

#### 1.1.1 Skulebuss, taxi

Dei fleste elevane på Hyllestad skule kjem til skulen med buss. Nokre av elevane får skyss med taxi.

Mål:

*Alle elevane skal bruke sele.*

*Elevane skal sitte i ro når bussen eller taxi er i fart.*

*Det skal sitte ein person i kvart sete.*



Figur 1

#### 1.1.2 Foreldrekøyring

Det er få elevar som blir køyrt til skulen i privatbil.

Mål:

*Oppfordre dei som kan om å gå eller sykle til skulen.*

*Elevar skal nytta seg av godkjent trafikktryggleiksutstyr i bilen.*

*Av -og påstiging skal skje på skulen sin parkeringsplass.*

*Skiltinga ved skulen skal overhaldast.*

*Tiltak: Dette skal bl.a. takast opp med foreldre på foreldremøte og FAU.*

#### 1.1.3 Trafikktryggleiksutstyr

Mål:

*Alle bussar og taxi som fraktar elevar skal ha godkjent sele som elevane skal bruke.  
Elevar skal nytte seg av godkjent trafikktryggleiksutstyr i privatbil.  
Det skal vere alkolås på alle bussane.*

## **1.2. Elevar som går/syklar til skulen eller til busskuret**

Hyllestad skule har få elevar som kan gå eller sykle til skulen, ein del elevar står langs vegen og ventar på buss.

**Mål:**

*Føresette bør gjere borna godt kjend med skulevegen før dei startar i 1. klasse.  
Føresette avgjer når barnet evt. får gå/sykle til skulen.  
Alle elevar som går/syklar, eller må gå langs vegen til skulen eller til busskuret, skal bruke refleksvest/godt synleg refleks i skumringa/mørket om vinteren.*

**Tiltak:**

*Måla over skal takast opp på foreldremøta.  
Skulen har trygg ferdslе på skulevegen som tema i 1.klasse.  
Skulen gjer elevane kjent med trafikk situasjon rundt skulen.*

## **2. Turar i skulen sin regi**

Hyllestad skule har innhenta løyve frå alle føresette om at ein har lov å ha med borna i privat bil.

Dersom skulen leiger inn buss skal desse ha godkjent sele til alle som er med på turen.

### **2.1. Buss, taxi**

**Mål:**

*Alle bussane og taxiar som fraktar elevar skal ha godkjent sele.  
Alle elevane skal bruke sele på taxi eller buss.  
Elevane skal sitja i ro når bussen er i fart.  
Det skal berre sitte ein elev per sete.  
Sjåfør av skulebuss og taxi skal respektere fartsgrensa på heile skystrekninga så lenge det er elevar om bord.*

### **2.2. Bil**

**Mål:**

*Elevar skal nytte seg av godkjent trafikktryggleiksutstyr i bilen.  
Av- og påstiging ved skulen skal skje på skulen sin parkeringsplass.*

*Føresette må samtykke skriftleg til at barn kan køyre privat transport i skuletida (eige samtykkeskjema i Visma Flyt Skole)*

### 2.3. Sykkel

*Mål:*

*Alle skal bruke godkjent sykkelhjelm.*

*Syklane skal ha godkjent refleks.*

*Dersom det er to vaksne med ei gruppe elevar, skal ein vaksen sykle først og ein vaksen sist.*

*Ingen elevar får sykle åleine, utan ekstra avtale heim/skule.*

*Både elevar og vaksne skal bruke refleksvest.*

*Elevane skal vere kjende med trafikkreglane som gjeld for å ferdast i trafikken.*

### 2.4. Til fots

*Mål:*

*Alle elevar som går/syklar på tur skal bruke refleksvest/godt synleg refleks i skumringa/mørket om vinteren.*



Figur 2

## 3. Risikofaktorar rundt Hyllestad skule

### 3.1. Varetransport

All varetransport går inn under hovudinngang til skulen. Denne vegen er ein del av skuleplassen. Denne transporten skjer også i elevane sine friminutt.

*Mål: Sjåførane må vera særst varsame på skuleområdet, og vakta bør kontaktast ved rygging i friminutt.*

### 3.2. Skuleskyss ved skuleslutt

Ved skuleslutt er både bussar og taxi på plass før det ringer ut, slik at dei elevane som skal følgje dei kan gå direkte til desse.

*Mål:*

*Tilsette skal ikkje sleppe ut elevane før det ringer ut kl. 14.35.*

*Dersom tilsette let elevar gå ut før tida, skal dei ha tilsyn med desse elevane til dei kan gå til buss/taxi.*

*Hyllestad skule har bussvakt både på morgonen og ettermiddagen.*

*1.kl. blir følgt til bussen av vaksne/fadrar.*

## 4. Plan for trafikkopplæring

Kompetansemål (LK20):

- Øve på trygg ferdsel i trafikken (2.trinn, kroppsøving)
- Forstå og følgje reglar i trafikken (4. trinn, kroppsøving)
- Vurdere sikkerheit i uteaktivitet og naturferdsel (7.trinn, kroppsøving)
- Vurdere risiko og tryggleik ved ulike uteaktivitetar, forstå og gjennomføre sporlaus og trygg ferdsel (10.trinn, kroppsøving)



Figur 3

#### 4.1. Barneskolen sitt årshjul

Hyllestad skule bruker Trygg Trafikk si trafikkbok, og gjennomfører sykkelprøver frå Trygg Trafikk.

1.-4.klasse	Skal vera kjent med trafikksituasjon på skulevegen og rundt skulen. Skal kunne dei mest aktuelle skilta. Sykkeldag med tryggleiksutstyr, ferdsle i trafikken og ferdigheitstrening. Refleksbruk.
5.-7.klasse	Sykkel-/Trafikkdag med politiet minimum kvart 3.år



Figur 4

#### 4.2. Ungdomsskolen sitt årshjul


Hyllestad skule brukar Trygg Trafikk si digitale bok Underveis.

8. -10.klasse	Ung i trafikken – haldningsskapande arbeid Førstehjelp
---------------	---

#### 4.3. Ressursar

<https://underveis.co/> (trafikkopplæring ungdomsskule)

[www.sykkeldyktig.no](http://www.sykkeldyktig.no)



### 5. Rutinar for ulykkeshandtering



Det skal alltid vera minst to vaksne med større grupper på tur (over 1 klasse).

Dei vaksne skal ha med seg klassemobiltelefon, klasselister og føresettliste.

Dei vaksne skal ha med seg førstehjelpsutstyr.

Ved mindre skade på fot-/sykkeltur: Ta kontakt med foreldre først.

Ved større eller akutt skade:

Skulen ringer til legevakt (116117) eller 113 før ein ringer foreldre.

## 6. Trafikktryggleik og foreldremøte

*Mål:*

*Trafikktryggleik skal vera eige tema på foreldremøte i 1.klasse.*

*Trafikktryggleiksplanen skal bli presentert på foreldremøta om hausten.*

*Ein skal informere føresette og publikum om reglar/skilting for skuleplassen.*

## 7. Trafikktryggleik og dei tilsette ved skulen.

*Mål:*

*Dei tilsette skal gå føre som gode førebilete i trafikken når dei er på turar med elevar.*

Tilsette i Hyllestad kommune skal elles rette seg etter «Retningslinjer for tilsette sin ferdsel i trafikken».

Skulen har gode rutinar for at planane vert følgt opp av dei tilsette.

Rektor har ansvar for å gå igjennom rutinane for trafikksikker skule ved skulestart om hausten. Alle nyttilsette skal setjast inn i rutinane og skulen sin trafikktryggleiksplan.

## Vedlegg

### Føresette og godkjenning av kjøring i privat bil gjennom Visma Flyt skole

Skulen brukar i sjeldne tilfelle private bilar som transportmiddel. Det kan vere aktuelt dersom td. grupper eller enkeltelevar skal på eit arrangement i skulen sin regi, og privatbil blir vurdert som den mest tenlege transporten.

I desse tilfella er det nokre krav for å vurdere om transporten er forsvarleg:

- Foreldre eller lærarar som skal stå for transporten må kunne stå for at bilen er forsvarleg og i forskriftsmessig stand, jf. Vegtrafikkloven § 19 og Forskrift om periodisk kontroll og utekontroll av kjøretøy § 6
- Kjøretøya må vere rettmessig forsikra, jf. Bilansvarsloven § 15
- Dei personane som skal køyre må kunne stå for at dei er skikka til å kunne køyre og at nødvendig godkjenning føreligg, jf. Vegtrafikkloven § 24

<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Skoleskyss/Transport-av-elever-i-private-biler/>

## Illustrasjonar henta frå:

1) [www.fjordingen.no](http://www.fjordingen.no)

2)

[https://www.google.no/imgres?q=barn%20i%20trafikken&imgurl=https%3A%2F%2Fwww.bokklubben.no%2Fservlet%2FvisBildeServlet%3Fbildeld%3D339416&imgrefurl=https%3A%2F%2Fwww.bokklubben.no%2Fboeker%2Fjeg-vil-vite-trafikken-trygg-trafikk-hefte-refleks%2Fprodukt.do%3FproduktId%3D3207597&docid=L\\_TosML7PUs59M&tbnid=oQt5Wp8Ux5iB3M&vet=12ahUKEwjx45GQ9KCGAxUFJRAIHYiRBTYQM3oECGUQAA..i&w=614&h=325&hcb=2&ved=2ahUKEwjx45GQ9KCGAxUFJRAIHYiRBTYQM3oECGUQAA](https://www.google.no/imgres?q=barn%20i%20trafikken&imgurl=https%3A%2F%2Fwww.bokklubben.no%2Fservlet%2FvisBildeServlet%3Fbildeld%3D339416&imgrefurl=https%3A%2F%2Fwww.bokklubben.no%2Fboeker%2Fjeg-vil-vite-trafikken-trygg-trafikk-hefte-refleks%2Fprodukt.do%3FproduktId%3D3207597&docid=L_TosML7PUs59M&tbnid=oQt5Wp8Ux5iB3M&vet=12ahUKEwjx45GQ9KCGAxUFJRAIHYiRBTYQM3oECGUQAA..i&w=614&h=325&hcb=2&ved=2ahUKEwjx45GQ9KCGAxUFJRAIHYiRBTYQM3oECGUQAA)

3) [www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)

4)

<https://www.google.no/imgres?q=barn%20i%20trafikken&imgurl=https%3A%2F%2Fwww.bokklubben.no%2Fservlet%2FvisBildeServlet%3Fbildeld%3D364954&imgrefurl=https%3A%2F%2Fwww.bokklubben.no%2Fbarneboeker%2Fi-trafikken-peter-nielaender%2Fprodukt.do%3FproduktId%3D8332415&docid=bP0aYQCajDf7MM&tbnid=3gKvZbj1Ukma2M&vet=12ahUKEwjx45GQ9KCGAxUFJRAIHYiRBTYQM3oECGkQAA..i&w=435&h=382&hcb=2&ved=2ahUKEwjx45GQ9KCGAxUFJRAIHYiRBTYQM3oECGkQAA>